

---

Vår referanse 2020/44660-3  
Dato 24.03.2020

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om nydyrking - Landbrukssak - gnr. 415,  
bnr.10 - Nordanger - Alver kommune

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Saka gjeld nydyrking på Nordanger i Alver kommune.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med nydyrkinga. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr  
fagleiar arealplan

Sigrun Wølstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*